

Møteprotokoll

Utval	Plan- og forvaltningsutvalet
Møtestad	Rådhuset
Dato	10.03.2026
Tidspunkt	kl 09:00 - 13:00

Frammøtte	Parti
Svein Tore Heltne	AP
Arne J Hauge	FrP
Britt Dagrunn Brugrand	H
Olav Høyheim Einan	SP
Sandhya Karlsen Holene	V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Anette Stegegjerdet Norberg	AP	Liv Endresen	SV
Ann Kristin Sperle	SP	Grethe Kristin Leirdal	SP

Andre som møtte:

Ass. kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen, plansjef Knut Vidar Svanheld.
Lisa Kvålshaugen Bjærum i sakene 10 – 15/26
Sakshandsamar Arne Kristian Borger frå 10 – 12/26
Sakshandsamar Runar Hatlevoll sak 13/26
Sakshandsamar Cristina Grillo sak 14 – 15/26
Kommunedirektør Jon Bolstad: sak 14/26 – 16/26

Underskrifter:

Liv Endresen

Arne Hauge

Britt Dagrunn Brugrand
leiar i plan- og forv.utvalet

Ole Gunnar Krakhellen
ass. kommunedirektør

Saksliste

Saknr	Sakstittel
10/26	Konstituering av møte
11/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
12/26	Bompengesatsar Vanndalsvegen
13/26	Tiltaksstrategi for skogbruket i Luster kommune 2026-2028
14/26	Fastsetting av forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort - Luster kommune, Vestland
15/26	1. gongs handsaming - Detaljregulering for Salen - planid 2025001
16/26	2. gongs handsaming - Hestnes revisjon - PlanID 2024001
17/26	Områdeplan Hafslo sentrum planid 2020004
18/26	Orienteringar, drøftingar og open post
19/26	Referatsaker
20/26	Delegerte saker

10/26 Konstituering av møte

Plan- og forvaltningsutvalet 10.03.2026

Handsaming

- Opprop, *forfall Ann Kristin Sperle og Anette Stegegjerdet Norberg, vara Grethe Kristin Leirdal og Liv Endresen.*
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad.*
- Godkjenning av sakliste og dagsorden, *ingen merknad.*
- Arne Hauge og Liv Endresen vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde.*

PFU - 10/26 vedtak

Arne Hauge og Liv Endresen vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

11/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Plan- og forvaltningsutvalet 10.03.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

PFU - 11/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 27.01.26 vert referert utan merknader.

12/26 Bompengesatsar Vanndalsvegen

Plan- og forvaltningsutvalet 10.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

PFU - 12/26 vedtak

Luster kommune gjev veglaget Vanndalsvegen løyve til å auke taksten på vegstrekinga som går frå fylkesvegen ved Yttri og opp mot endepunkta i Geisdalen og Vanndalen som går fram av kartet som følgjer søknaden. Satsene som vert godkjend er dei same som i søknaden:

Køyretøy kr. 100

Årskort: kr. 500

Inntekta frå bomavgifta skal nyttast til vedlikehald og eventuell opprusting av vegane

13/26 Tiltaksstrategi for skogbruket i Luster kommune 2026-2028

Plan- og forvaltningsutvalet 10.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

PFU - 13/26 vedtak

- Dei nye satsane for statstilskot som var på høyring vert sett ned jf. høyringsframlegget
- Når det gjeld suppleringsplanting vil satsen kunne endre seg i perioden strategien er gjeldane sidan tilskotssatsen for supplerings har ein årleg justert faktor
- Taubanetilskotet vert utrekna i medhald av modell som Statsforvaltaren sende over til kommunane på epost 24.02.2026, medrekna alderskravet på 55 år

Administrasjonen innarbeider dei ovannemnde endringane i tiltaksstrategien som var på høyring og tiltaksstrategien for Luster kommune i perioden 2026-2028 vert gjeldane etter at det er gjort

14/26 Fastsetting av forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort - Luster kommune, Vestland

Plan- og forvaltningsutvalet 10.03.2026

Handsaming

Olav Høyheim Einan stilte spørsmål om sin habilitet. Utvalet vurderte samrøystes at han var habil til å delta i handsaming av saka.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

PFU - 14/26 vedtak

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort i Luster kommune blir vedtatt med ei endring av fellingsavgift til 30 % av makssats på kalv, jf.vedlegg 1.

15/26 1. gongs handsaming - Detaljregulering for Salen - planid 2025001

Plan- og forvaltningsutvalet 10.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

PFU - 15/26 vedtak

1. Plan- og forvaltningsutvalet vedtek at planforslaget for Salen – planID 2025001, vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre justeringar før høyringa startar, dersom dette viser seg å vere tenleg.

16/26 2. gongs handsaming - Hestnes revisjon - PlanID 2024001

Plan- og forvaltningsutvalet 10.03.2026

Handsaming

Sandhya Holene tok opp spørsmål om habilitet. PFU vurderte samrøystes at Holene var ugild til å delta i handsaming av saka, jf. fvl. §6 – 1 ledd.

Holene gjekk frå under handsaming av saka.

Administrasjonen korrigerer plankart med feil byggegrense før handsaming i kommunestyret.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

PFU - 16/26 vedtak

1. Plan- og forvaltningsutvalet stør kommunedirektøren sitt saksframlegg og sender planforslaget for Hestnes revisjon - planID 2024001 til kommunestyret for endeleg vedtak. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningsloven § 12-12.
2. Endeleg vedtak kan ikkje gjerast før NVE si motsegn er trekt.
3. Reguleringsplanar som ny reguleringsplan får konsekvensar for blir oppheva. Desse er:
 - Hestnes - Endring leikeplass - planID 2012003
 - Hestnes - Felt E - planID 2007006
 - Hestnes - Felt D - planID 2005005
 - Hestnes grend C - utbyggingsplan - planID 2004005
 - Hestnes - grend A og B - utbyggingsplan - planID 199001
 - Hestneset - planID 1989001

17/26 Områdeplan Hafslo sentrum planid 2020004

Kommunedirektøren si tilråding:

I medhald av plan- og bygningsloven § 12-10 vert forslag til områdeplan Hafslo sentrum planid 202004 lagt ut til 2. gongs offentlig ettersyn i tråd med vedlegg 1-7 til denne saka. Endringane plan- og forvaltningsutvalet spesielt vil poengtere er følgjande:

1. Endra utnytting av eigdommen Nyland, der det også blir restaurert natur for å sikre næringsområde for storspove.
2. Endring av billagstomten frå bustad/ næring til trafikkareal for buss, parkering og parkeringslomme for av- og påstigning til Eikum sine bussgjester.
3. Trafikale tilpassingar med auka breidde på fortau rundt Eikum/ gangareal til skulen med meir. I dette ligg at tursti frå busshaldeplass til skulen vert teke ut av planen.
4. Justering av arealet ved Spar frå parkering/ næring til sentrumsføre mål 2.
5. Busslomme ved nedkøyring til Botn vert teke inn i planen.

6. Hall i forbindelse med fotballbanen og løysing for eigedommen Kalhagen gbnr 146/1 vert skissert som 3 alternative løysingar, der løysing Alternativ 3 vert prioritert frå plan- og forvaltningsutvalet inn i det offentlege ettersynet. I dette ligg også at plan- og forvaltningsutvalet sin tidlegare vurdering av næringsareal til Kjell Magne Søvde og Geovest står fast.

Kommunedirektøren får fullmakt til tilpassing av dokument før planen vert sendt til høyring og offentlig ettersyn, men kartløyninga ligg fast.

Plan- og forvaltningsutvalet 10.03.2026

Handsaming

Handsaming

PFU ber om at administrasjonen ser på ei oppstramming av kryss fylkesveg/Tangvegen og gangareal/parkeringsareal framfor gamle Sterrisbui før planen vert lagt ut på offentlig høyring. Dette for å betre trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.

PFU ber om fysisk skilje mellom gangveg og fylkesveg framfor Eikum Hotel vert utgreidd og drøfta med vegeigar Vestland fylkeskommune i høyringsperioden før endeleg vedtak av planen.

PFU ber om at administrasjonen sikrar at det følgjer illustrasjonar av fotballhall før planen vert sendt på høyring.

Kommunedirektøren si tilråding, med dei tre ekstrapunkta føreslegne i møtet vart samrøystes vedteke.

PFU - 17/26 vedtak

I medhald av plan- og bygningsloven § 12-10 vert forslag til områdeplan Hafslo sentrum planid 202004 lagt ut til 2. gongs offentlig ettersyn i tråd med vedlegg 1-7 til denne saka. Endringane plan- og forvaltningsutvalet spesielt vil poengtere er følgjande:

1. Endra utnytting av eigedommen Nyland, der det også blir restaurert natur for å sikre næringsområde for storspove.
2. Endring av billagstomten frå bustad/ næring til trafikkareal for buss, parkering og parkeringslomme for av- og påstigning til Eikum sine bussgjester.
3. Trafikale tilpassingar med auka breidde på fortau rundt Eikum/ gangareal til skulen med meir. I dette ligg at tursti frå busshaldeplass til skulen vert teke ut av planen.
4. Justering av arealet ved Spar frå parkering/ næring til sentrumsføre mål 2.
5. Busslomme ved nedkøyringa til Botn vert teke inn i planen.
6. Hall i forbindelse med fotballbanen og løysing for eigedommen Kalhagen gbnr 146/1 vert skissert som 3 alternative løysingar, der løysing Alternativ 3 vert prioritert frå plan- og forvaltningsutvalet inn i det offentlege ettersynet. I dette ligg også at plan-

og forvaltningsutvalet sin tidlegare vurdering av næringsareal til Kjell Magne Søvde og Geovest står fast.

PFU ber om at administrasjonen ser på ei oppstramming av kryss fylkesveg/Tangvegen og gangareal/parkeringsareal framfor gamle Sterrisbui før planen vert lagt ut på offentleg høyring. Dette for å betre trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.

PFU ber om fysisk skilje mellom gangveg og fylkesveg framfor Eikum Hotel vert utgreidd og drøfta med vegeigar Vestland fylkeskommune i høyringsperioden før endeleg vedtak av planen.

PFU ber om at administrasjonen sikrar at det følgjer illustrasjonar av fotballhall før planen vert sendt på høyring.

Kommunedirektøren får fullmakt til tilpassing av dokument før planen vert sendt til høyring og offentleg ettersyn, men kartløysinga ligg fast.

18/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Plan- og forvaltningsutvalet 10.03.2026

Handsaming

Orienteringar:

Ulovlegheitsoppfølging levegg Solvorn

Det er planlagt oppstart av reguleringsplan for Walaker Hotel. Administrasjonen planlegg å avvente vidare ulovlegheitsoppfølging til det vert konkludert på kva ein ny reguleringsplan eventuelt gjev moglegheit til. Det vil bli sett tidsfristar for oppstart og framdrift i reguleringsplanarbeidet.

Hausamoen

Det vert starta opp endring av reguleringsplan utan politisk vedtak om oppstartsvarsel. Saka kjem til politisk handsaming for utlegging til høyring.

Mindre endring Røneidsgrandane

Administrasjonen førebur ei mindre endring av reguleringsplanen for å endre delar av arealføremål frå kommunalteknisk anlegg til næringsstomt. Saka kjem til politisk handsaming.

Fri kalv:

Administrasjonen planlegg ikkje å søkje på deltaking i fri kalv på årets hjortejakt.

Status reguleringsplan Gaupne sentrum etter høyring

Stort sett gode tilbakemeldingar på høyring. Pyramiden jobbar med moglege endringar av reguleringsplanen og søker samarbeid med Coop. Kommunen vil halde dialog med partane og planlegge vidare handsaming av reguleringsplanen.

Prisar leigekøyring

PFU har tidlegare bede om at prisar leigekøyring vert ein del av sak med nye

leigekøyringsløyve for ny periode. Administrasjonen har undersøkt og finn ikkje heimel for å gjere dette, og meiner at dette ikkje kan gjennomførast i saka.

Open post:

Arne Hauge tok opp spørsmålet om massetransport til Jamnane transformatorstasjon, der dette i søknadsfasen var skissert ut frå lokal transport frå Skjolden og no skjer gjennom heile kommunen. PFU ber administrasjonen følgje opp denne problemstillinga overfor Statnett SF.

PFU - 18/26 vedtak

Orienteringar i møtet vert teke til vitande og administrasjonen føl opp nye spørsmål.

19/26 Referatsaker

Kommunedirektøren si tilråding:

Informasjon om referatsaker vert teken til orientering.

Plan- og forvaltningsutvalet 10.03.2026

Handsaming

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

PFU - 19/26 vedtak

PFU ber viltutvalet om å gje høyringsinnspel til forskriftsending på viltområdet.

20/26 Delegerte saker

Plan- og forvaltningsutvalet 10.03.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad/spørsmål til delegerte saker.

PFU - 20/26 vedtak

Informasjon om delegerte saker vert teken til orientering.